



<b>REFERAT</b>	Møte mellom Skyss og kommunane i søre del av fylket			
<b>MØTELEIAR</b>	Gudrun Einbu			
<b>MØTEDATO</b>	04.01.2023	<b>TID</b>	12.00 – 14.50	<b>MØTESTAD</b>
<b>REFERENT</b>	Eivind Eikenes Dahle			
<b>REF. DATO</b>	06.01.2023	<b>ARKIVSAK</b>		<b>ARKIVNR</b>
<b>DELTAKARAR</b>	Skyss, Stord kommune, Samnanger kommune, Vaksdal kommune, Fitjar kommune, Etne kommune, Osterøy kommune, Ulvik Herad, Sveio kommune, Bømlo kommune, Modalen kommune, Kvinnherad kommune, Kvam Herad, Austevoll kommune, Ullensvang kommune			
<b>FRÅVERANDA</b>				

## Referat frå møte mellom Skyss og kommunane i søre del av fylket

<b>Nr</b>	<b>Sak</b>
1	<p><b>Innleiing og presentasjon v/ Skyss</b></p> <p>Skyss innleia møtet og ønskte velkommen til alle deltakarane.</p> <p>Vidare gav skyss ein presentasjon der det blei snakka om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Agenda for møtet</li> <li>- Skyss sitt samfunnsoppdrag</li> <li>- Kva mål Skyss jobbar mot</li> <li>- Strategi for berekraftig mobilitet</li> <li>- Skyss sine hovudoppgåver</li> <li>- Passasjertal og korleis pandemien har påverka reisemönstra</li> <li>- Budsjett og moglegheitsrom for nye tilbod</li> <li>- Prosessar for tilpassing og utvikling av rutetilbodet</li> <li>- Pågåande arbeid i fylket</li> <li>- Korleis kommunane kan gje skriftlege innspel til ruteendringar</li> </ul> <p>Årleg ruteendring er ein omfattande prosess i Skyss. Kontakten med kommunane er ein viktig del av prosessen, og vi har stor nytte av dialogen og konkrete innspel. Likevel er erfaringane frå tidlegare år at det er ei utfordring med gapet vi ser mellom ønske og behov i kommunane, og moglegheita Skyss har for å gjere tiltak innanfor dei økonomiske rammene vi har.</p> <p>For 2023 ønsker Skyss å vere tydelegare på rammene. Med budsjettet som er vedteke i fylkestinget i desember 2022, ligg det ikkje friske midlar til auka tilbod utover byveksttaleområdet. Dette betyr at ein i hovudsak er ute etter omprioriteringar og</p>



	<p>justeringar som kan gjere eksisterande tilbod meir tenleg for dei reisande. I arbeidet med dei gode prioriteringane er dialogen om dei lokale behova svært viktig.</p> <p>For å redusere det administrative arbeidet i Skyss med handtering av innspelsbrev, og frigjere tid til å jobbe med handsaming av ønska, er det i år lagt opp til at kommunane må melde innspel i eit felles digitalt skjema.</p> <p>Skyss har eit pågående/komande arbeid med anbodsprosess for Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal. Oppstart av ny kontrakt er juni 2025. Skyss vil involvere og orientere kommunar om arbeidet med ny kontrakt.</p>
2	<p><b>Kommunane presenterer sine innspel til Skyss</b></p> <p>Alle kommunar fekk høve til å kome med innspel til om rutejusteringar til Skyss.</p> <p>Desse innspela kan kommunane og sende inn skriftleg i etterkant av møtet. Meir informasjon kjem.</p> <p>Det kom spørsmål i møtet om status for båtanbod i gamle Hordaland fylke. Situasjonen er slik at dagens båtanbod for Hordaland gjeld ut 2027. Skyss har enno ikkje starta førebuingar til ny anbodsprosess, men vil gå i dialog med kommunane når arbeidet startar opp.</p>
3	<p><b>Oppsummering og avslutning v/skyss</b></p> <p>Skyss oppsummerte møtet og takka for mange gode innspel. I løpet av kort tid vil det bli sendt ut informasjon til postmottak i kommunen om korleis ein kan sende innspela frå kommunen inn i skjemaløysinga. Det er sett frist til 31. januar for innsending av innspel.</p>